



REFERAT FRÅ MØTE I STYRINGSGRUPPA 11.01.19

Stad/tid: Knarvik, Dampen kl 12:00 – 14:00

Tilstade:

Elin Eikemo – prosjektmedarbeidar Nordhordlandsprosjektet
Kari Bjørkheim – prosjektleiar Nordhordlandsprosjektet
Anita Lønnebakken Sævild – prosjektmedarbeidar Nordhordlandsprosjektet
Heinz Diehl – leiar for tenesteutvikling og innovasjon - Fedje
Nina Kvamme – Sektorleiar helse, omsorg og sosial - Osterøy
Helga Ellingsen – Leiar helse og omsorg Masfjorden
Ove Sæbø - Kommunalsjef - Modalen
Monika Kvamme - Helse og omsorgsleiar- Austrheim kommune
Ingebjørg Søreide – Kommunalsjef Gulen kommune
Leni Dale – Kommunalsjef Lindås
Helge Kvam – Kommunalsjef Meland
Eivind Lowzow – Brukarrepresentant
Thomas Rønn- Aar – Leiar IKTNH
Solrunn Hauglum – Kommunalsjef Vaksdal
Per Waardal - USHT

Forfall:

Anne Hildegunn Færøy – NUI
Grete Herøy – kommunalsjef Radøy

Sak 01/19: Godkjenning av referat frå møte 03.12.19

Godkjent utan merknader.

Sak 02/19: Anbodsprosessen- framdriftsplan, implementeringsplan

Flytta til slutten av møtet.

Status anbod og framdrift vart presentert. Ein har intensjon om å skriva kontrakt med ATEA. Karenstid fram til 17.01.19. Plan om signering 15.02.19 om ikkje andre tilhøve oppstår som vil forseinka prosessen.

Det vart tatt opp drift av plattformløysing. Kommunalsjefane i dei 7 kommunane som har gjennomført anskaffing ynskjer at IKTNH driftar plattform.

Det vart elles informert om mobilt vaktrom – responsentertjeneste – avklaringar i den enkelte kommune. Opplæring, reservedelslager og montørteneste. Elles om tilbakemelding på plan for implementering og prioritering i kommunane, samt kontakt ute i kommunane – vert sendt ut e-post.

Sak 03/19: Tilbakemelding og behandling av forespørsel til andre kommunar om opptak i prosjektet.

I møtet var alle kommunane samde om bli med vidare i det Nasjonale velferdsteknologiprogrammet ut 2020. Dette er ein føresetnad for å ta opp nye kommunar.

Jf. Sist møte er det sendt ut førespurnad til andre kommunar. Respons frå 7 kommunar som ønsker å bli tatt opp i Nordhordlandsprosjektet. Dette gjeld Askøy , Bergen, Voss, Ulvik, Os, Fusa, Austevoll.

Drøfting rundt kva det vil bety å ta opp andre kommunar - i forhold til store kommunar, det å være likeverdige partar, endring i organisering som må til, felles identitet, namn på prosjekt. Nordhordlandsprosjekt til Hordalandsprosjekt? Styringsgruppa er opptatt av å sikre den lokale identiteten.

Prosjektet sitt med stor kompetanse – i førarsete regionalt og nasjonalt. Tidsfrist i forhold til søknad 01.02.19. USHT tilrår å søke no vidare som Nordhordlandsprosjektet prosjekt v/ Masfjorden kommune. Ta organisatoriske endringar, namn undervegs etterkvart.

Det vart gjort framlegg om å gå for opptak av dei nye kommunane som har meldt tilbake at dei ynskjer å bli tatt opp i Nordhordlandsprosjektet.

Vedtak:

Styringsgruppa i NH prosjektet støttar framlegg om opptak av 7 nye kommunar i velferdsteknologiprogrammet i 2019 – 2020.

Styringsgruppa tek som utgangspunkt at NH prosjektet vil få same sum i tilskot som 2017 og 2018 som er på kr 1 820 000,-, sjølv om ein har søkt om 2 200 000,-. Skal prosjektet kunne finansiere administrasjonskostnader og løn til prosjekteigar og prosjektmedarbeidarar med til saman 2 årsverk vil ikkje tilskotet dekke dette. Utifrå erfaring frå 2018 med heilårsdrift og høg aktivitet vil det vere behov for kr. 380 000 i eigenandel frå kommunane.

Styringsgruppa gjer framlegg om at eigedelen delt på alle 17 kommunane i 2019 og i 2020, fordelt etter 1/3 fast, og 2/3 etter folketal jf. samarbeidsavtalen.

Budsjett for velferdsteknologiprogrammet vil då ha ei ramme på kr. 2 200 000,-. Aktivitet og prosjektplan skal organiserast ut frå denne ramma. Legg prosjektet opp aktivitet som går utover denne prosjektet si ramme, skal dette takast opp med styringsgruppa. Det er styringsgruppa som kan avgjere om prosjektet skal gjennomføre aktivitetar som vil medføre meirkostnader for kommunane.

Skjønsmidlar er ikkje del av ramma i velferdsteknologiprogrammet sitt prosjekt. Det er styringsgruppa som bestemmer i saker og gjer ei innstilling som går vidare til rådmannsutvalet for endeleg godkjenning.

Sak 04/19: Gjennomgang av revidert handlingsplan for prosjektet

Vert utsett. Blir revidert i høve opptak av nye kommunar.

Sak 05/19: Presentasjon av skisse til søknad for 2019

Skisse vart gjennomgått.



Styringsgruppa informerte om at plan for aktivitet og kostnad må leggast fram for styret og godkjennast.

I søknaden vart det bestemt å legge inn eit avsnitt som viser auke i folketal i ny søknad mot tidlegare søknader.

Må fjerne det som er omtalt om skjønnsmidlar under andre inntekter. Søknaden vil bli drøfta med dei kommunane som går inn i prosjektet. Tekst rundt samarbeidsavtale vert endra i høve til at det vert utarbeida ny revidert samarbeidsavtale som skal gjelda alle dei 17 kommunane.

Sak 06/19: Gjennomgang- revidering av samarbeidsavtale

Utspring i opprinnelig samarbeidsavtale. Utkast til samarbeidsavtale vart presentert og gjennomgått. Korrigering i kapittel om organisasjonsstruktur: Leiar IKTNH og samhandlingskoordinator må være med i reorganisert styringsgruppe som før. Vedteke at styringsgruppa skal ha 10 deltagarar frå Nordhordlandsprosjektet og dei andre 4 deltagarar.

Endring under prosjektgruppa: prosjektgruppa blir leia av prosjektleiar, og vil ha representantar frå kommunar.

Det må fjernast det som er omtalt i pkt 5. ift skjønnsmidlar og innovasjonsmidlar i dokumentet. Må haldast utanfor her.

Framlegg til vedtak om endring av styringsgruppe ved opptak av 7 nye kommunar:

Styringsgruppa er i dag representert med 10 kommunalsjefar i Velferdsteknologiprojektet, dette blir endra med opptak av 7 nye kommunar. Framlegg frå styringsgruppa er at det styret blir representert med 6 kommunalsjefar frå NH prosjektet, og 4 representantar i styre frå dei nye kommunane som går inn i dette prosjektet frå 2019. Resten av representantar i styringsgruppa blir som før.

Framlegget vart vedteke i styringsgruppa.

Ny styringsgruppe blir etablert i løpet av februar, med fyste møte i mars. Den nye styringsgruppa får mandat til å godkjenne og organisere den nye prosjektorganisasjon.

Sak 07/19 : Budsjett- økonomi 2019

Omtalt i handsaming av dei andre sakene i møtet.

Sak 08/19: USHT sin rolle som samarbeidspart

Vart ikkje presentert.

Sak 09/19: Evt.

Ingen saker

Knarvik, 14.01.2019



Elin Eikemo
-referent-

